

Høyringsvar

Lov- og forskriftsendringer for å kunne opprette individregistre over barn i barnehager og barn i grunnskoleopplæring

Frå oppvekstleiarane i Hallingdal; dvs kommunane Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen og Flå

Dato: 10.01.25

Kommunalsjefane oppvekstsektor i Hallingdal takkar for moglegheit til å gje innspel til høyringsnotatet av 30. sep. 2024 om forslag til endringar i barnehagelova, opplæringslova og privatskolelova for oppretting av individregister over barn i barnehagar og grunnskoleopplæring.

Kommunane er einige i behov for meir kunnskap, forskning, utvikling og forbetring av tenestene, og at vi treng meir kunnskap om t.d. sosial ulikskap, spesialpedagogisk hjelp, individuell tilrettelegging, særskilt språkopplæring og skulefråvær, og evt samanhengar mellom desse faktorane.

Derimot inneber dette framlegget personvernkonsekvensar som ein ikkje vurderer står i forhold til føremål om betre tenester.

Sjølv om Departementet skriv at «det vil derfor ikkje innebære merarbeid for ansatte i barnehagene og skolene», vurderer kommunane at dette framlegget inneber ressursbehov og administrativt meirarbeid. Framlegget vil krevja personellmessige og økonomiske ressursar i allereie pressa kommunale tenester, både når det gjeld personell og økonomi. Dette vil krevja eit digitalt system som er integrert med alle typer oppvekst-, barnehage- og skoleadministrative system kommunane i Noreg brukar i dag. Dessutan krev dette tid, personell, økonomiske ressursar og opplæring.

Kommunalsjef oppvekst og kultur Hemsedal kommune Trine Thielemann

Oppvekstsjef Flå kommune Anita Juul Storeli

Tjenesteleder Nesbyen kommune Magne Kjellesvik-Grote

Kommunalsjef oppvekst og kultur Gol kommune Hallvor Lilleslett

Kommunalsjef kultur- og oppvekst Hol kommune Jon Opsahl Sletto

Kommunalsjef oppvekst Ål kommune Sissel Skrindo